



Arkivnr: 2016/1940-56

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval           | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet |        |          |

## Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skuler - Del 2

Bakgrunn for saka:

**Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 08/2018 i møte 06.03.2018:**

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

- 1. Etablere ein tydeleg definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagte oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.*
- 2. Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.*
- 3. Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.*
- 4. Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.*
- 5. Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:*
  - a) korleis forretningsdrift skal bli budsjettert*
  - b) kva oppdrag skulane kan utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert*
  - c) første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for*
  - d) riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva*
  - e) eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering*
  - f) rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.*
- 6. Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulane, og vurdere om det er*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.*
- Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Drøfting:

Handlingsplan dagsett 04.05.2018 i tråd med punkt 7 i vedtaket over er motteke og ligg ved.

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2. Det går fram av handlingsplanen at mange av dei planlagde tiltaka skal vera ferdig innan utgangen av 2018 medan nokre av tiltaka er planlagt ferdig i første halvår 2019.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2018.

**Forslag til vedtak**

- Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2.
- På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2018.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- Handlingsplan for forvaltningsrevisjon - forretningsdrift i vidaregåande skular del 2